



Bibliometriker (universitetsbibliotekar) - vikariat

Universitetsbiblioteket (UB) yter informasjonstenester av høg kvalitet for å støtte forskning, undervisning, formidling og vitenskapleg publisering ved Universitetet i Bergen. UB gjev studentar og vitenskapleg tilsette tilgang til kunnskapskjelder, og gjev undervisning og rettleiing i informasjonskompetanse. Vidare utviklar og driftar UB digital forskingsinfrastruktur, med særlig vekt på tenester som fremjar open vitenskap.

Ved UB er det ledig eit vikariat i 100% stilling som universitetsbibliotekar (kode 1199) i perioden 6. august 2018 fram til 15. april 2019. Stillinga er for tida knytt til Seksjon for utdannings- og forskingsstøtte.

Arbeidsoppgåver

- Utarbeiding av bibliometriske analyser, publiserings- og siteringsstatistikkar.
- Rapportering- og registrering i Cristin (database for vitenskapelige publikasjonar).
- Forskningsstøtte elles.
- Vidareutvikling og tilrettelegging av tenester for bibliometrisk analyse.
- Formidling og undervisning.
- Delta i verksemda elles.

Den som vert tilsett kan verte pålagt å delta i vaktordningar utanom ordinær kontorarbeidstid.

Kvalifikasjonar og eigenskapar

- Mastergradnivå innan relevante samfunnsvitenskaplege eller naturvitenskaplege fag.
- Kunnskap i statistisk analyse og verktøy vert vektlagt.
- Kjennskap til forskning og forskingsmetodar vert vektlagt.
- Erfaring med undervisning og formidling vert vektlagt.
- Engasjert og sjølvstendig, serviceorientert og med god gjennomføringsevne.
- Gode kommunikasjons- og samarbeidsevner.
- God munnleg og skriftleg formuleringsevne på norsk og engelsk.

Ved vurdering av søkjarane vil det verte lagt stor vekt på dei personlege eigenskapane som er naudsynte for stillinga.

Me tilbyr

- Eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø med engasjerte kollegaer.
- Spannande og motiverande kontakt med fagmiljø ved UiB.
- Løn som universitetsbibliotekar etter lønssteg 53 - 62 (kode 1199/LR 25, alternativ 3-6) i det statlege lønsregulativet, avhengig av tenesteansiennitet og kvalifikasjonar. Dette utgjer for tida kr. 459 100 - kr. 537 700 (løn er under regulering). Søkjarar som er erklært kompetente til stilling som førsteamanuensis eller førstebibliotekar ved ein institusjon som er godkjent av departementet eller har norsk doktorgrad eller utanlandsk doktorgrad godkjent som likeverdig med norsk, vert løna som førstebibliotekar (kode 1200/LR 24, alternativ 3), løn etter lønssteg 59 ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga (lønssteg 59-67, for tida kr. 508 800 - kr. 590 000, løn er under regulering). For særleg kvalifiserte søkjarar kan høgare løn vurderast.
- Fleksibel arbeidstid.
- Medlemskap i Statens Pensjonskasse.
- Stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd).
- Gode velferdsordningar.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til seksjonsleiar Karin Rydving, tlf. 55 58 88 40 eller mob. 48 29 97 21, epost karin.rydving@uib.no eller førstebibliotekar Susanne Mikki, tlf. 55 58 25 08 eller mob. 90 90 82 66, epost susanne.mikki@uib.no.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing. Personar med innvandrarakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne vert oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan verte gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å verte ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

